

Prop. 24 S

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringer i statsbudsjettet 2015 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 20. november 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet med framlegg til endringar i statsbudsjettet 2015 i samsvar med kapittel 2. I kapittel 3 er det gitt ei oppdatering av Aasta Hansteen-prosjektet, som varsla i Prop. 1 S (2015–2016) for Olje- og energidepartementet. I kapittel 4 gjer departementet greie for bruk av fullmakter under petroleumsverksemda.

2 Endringar i statsbudsjettet 2015

Kap. 1800 Olje- og energidepartementet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under postane 70 og 72

Tingretten avsa dom i tariffsaka/Gassledsaka 25. september 2015. Staten vart frifunnen, men tingretten kom til at partane sjølve ber sine eigne sakskostnader. Statens sakskostnader er så langt berekna til om lag 23 mill. kroner. Motpartane har anka dommen.

Meirutgiftene i 2015 er anslått til 5 mill. kroner, under dette førebuingar til ankebehandlinga. Utgiftene ved ei ankebehandling for lagmannsretten i 2016 er vanskeleg å anslå på noverande tidspunkt.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5 mill. kroner, til 30 mill. kroner.

Kap. 1810 Oljedirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Utgiftene i samband med behandling av søknader om tildeling i førehandsdefinerte område (TFO) har blitt høgare enn føresett, blant anna som følge av fleire søknader enn venta.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner, til 262,7 mill. kroner. Ein viser til motsvarande inntektsauke under kap. 4810, post 01 Gebyrinntekter.

Kap. 1815 Petoro AS

Post 72 Administrasjon, Petoro Iceland AS

Behovet og utgiftene til Petoro Islands oppfølging av statens interesser i dei to utvinningsløyva med norsk statleg deltaking har blitt lågare enn først anteke. Reduksjonen skuldast lågare aktivitetsnivå enn venta.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 1 mill. kroner, til 2,5 mill. kroner.

Post 73 Statleg deltaking i petroleumsverksemd på islandsk kontinentalsokkel, kan overførast

Statens del av utgifter i interessentskapa på islandsk sokkel har blitt lågare enn først anteke. Reduksjonen skuldast lågare utgifter knytte til innsamling av ny seismikk i utvinningsløyver med norsk statleg deltaking.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 8 mill. kroner, til 18 mill. kroner.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Utgifter knytte til Noregs vassdrags- og energidirektoratets samarbeidsavtale med Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) om rådgiving innanfor vass- og energisektoren blir anslått til 68 mill. kroner i 2015, ein reduksjon på 17 mill. kroner frå gjeldande budsjett. Reduksjonen har samband med mindre aktivitet i Myanmar, Liberia og Angola.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 17 mill. kroner, til 102,8 mill. kroner.

Kap. 1830 Forsking

Post 70 Internasjonale samarbeids- og utviklingstiltak, kan overførast

Noreg har delteke i Intelligent Energy Europe som er ein del av EUs rammeprogram for konkurranseevne og innovasjon (CIP). CIP-programmet vart avslutta i 2013, men det gjenstår anslagsvis 8,3 mill. euro i uteståande forpliktingar i følgje oversikt frå EFTA. Av dette er det berekna at i underkant av 2,6 mill. euro vil komme til utbetaling i 2015.

Utbetalingsanslaget er høgare enn det som vart lagt til grunn i Prop. 1 S (2014–2015). Hovudårsaken er at den norske krona har svekt seg betydeleg mot euroen det siste året, frå om lag 8 som

er lagt til grunn i gjeldande budsjett til om lag 9,5 (per november).

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 4 mill. kroner, til 34,4 mill. kroner, av dette er 24 mill. kroner knytt til CIP.

Kap. 1840 CO₂-handtering

Post 70 Gassnova SF, kan overførast, kan nyttast under post 74

Behovet og utgiftene til Gassnovas oppfølging av statens interesser i teknologiseret for CO₂-fangst på Mongstad er anslått til 12 mill. kroner i 2015, ein reduksjon på 5 mill. kroner frå gjeldande budsjett. Reduksjonen skuldast mindre bruk av konsulenttenester.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 5 mill. kroner, til 107,8 mill. kroner.

Post 71 Forskingstenester, TCM DA, kan overførast

Løyvinga til kjøp av forskningstenester dekkjer driftsutgifter ved teknologiseret på Mongstad og nedbetaling av selskapets lån og kapitalkostnader.

Statens del av driftsutgiftene er venta å bli om lag 15 mill. kroner lågare enn det som er lagt til grunn i gjeldande budsjett 2015. Reduksjonen har samband med reduserte kostnader knytte til damp, leige av areal frå Mongstad-raffineriet og eige-domsskatt. Lindås kommune har tilbakebetalt/rekna av for mykje betalt skatt for åra 2013 og 2014 basert på redusert skattetakst. I tillegg har TCM DA tilbakebetalt/rekna av om lag 12 mill. kroner i 2015 som gjeld for mykje fakturerte utgifter for 2014.

Avdrag og renter på lånet blir samla reduserte med 64 mill. kroner (inkludert meirverdiavgift) som følgje av forskyving av låneopptak og nedjustering av rentesats i 2015, jf. kap. 4840, post 80 og 86.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 91 mill. kroner, til 1 656 mill. kroner.

Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Tabell 2.1 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2015 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

Kap./post		Nemning	Gjeldande løyving ¹	Forslag til ny løyving	Endring
Underpost					
2440	30	Investeringar	29 000	29 000	
Sum kap. 2440			29 000	29 000	
5440	24.1	Driftsinntekter	152 300	162 800	10 500
	24.2	Driftsutgifter	-32 300	-33 400	-1 100
	24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter	-1 600	-2 000	-400
	24.4	Avskrivningar	-22 400	-22 400	
	24.5	Renter av statens kapital	-4 100	-4 100	
	24	Driftsresultat	91 900	100 900	9 000
	30	Avskrivningar	22 400	22 400	
	80	Renter av statens kapital	4 100	4 100	
Sum kap. 5440			118 400	127 400	9 000
Kontantstraum frå SDØE:					
		Innbetalingar ²	152 300	162 800	10 500
		Utbetalingar ³	62 900	64 400	1 500
Nettokontantstraum frå SDØE			89 400	98 400	9 000

¹ Gjeldande løyving for 2015 er basert på Stortingets løyvingssvedtak av 5. desember 2014 og seinare endringar i 2015 (revidert budsjett), jf. Prop. 119 S og Innst. 360 S (2014–2015).

² Innbetalningar = driftsinntekter

³ Utbetalningar = investeringar + driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader

Overslaget under kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 10 500 mill. kroner, til 162 800 mill. kroner. Auken skuldast først og fremst høgare prisføresetnader for gass, og høgare venta salsvolum for olje og gass. Lågare oljeprisføresetnad samanlikna med gjeldande budsjett for 2015 motverkar auken i driftsinntektene. Overslaget baserer seg på ein oljepris for 2015 på 440 kroner per fat samanlikna med 480 kroner per fat i gjeldande budsjett.

Overslaget under kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 1 100 mill. kroner, til 33 400 mill. kroner. Auken skuldast hovudsakleg budsjettekniske justeringar av transportkost-

nader. I tillegg aukar kostnader for kjøp av gass for sal vidare som følgje av høgare gassprisar enn føresett.

Overslaget under kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er auka med 400 mill. kroner, til 2 000 mill. kroner, som følgje av endringar i leiteplaner.

Ovannemnde endringar i underpostar medfører at SDØEs berekna driftsresultat er auka med 9 000 mill. kroner, til 100 900 mill. kroner.

Overslaget for netto kontantstraum frå SDØE er auka frå 89 400 mill. kroner til 98 400 mill. kroner, ein auke på 9 000 mill. kroner frå gjeldande budsjett for 2015.

Kap. 2490 NVE Anlegg*Post 24 Driftsresultat*

Tabell 2.2 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2015 under kap. 2490 NVE Anlegg (i 1 000 kr)

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande overslag	Nytt overslag	Endring
2490	24.1 Driftsinntekter	-68 000	-80 000	-12 000
	24.2 Driftsutgifter	63 200	75 200	12 000
	24.3 Avskrivningar	4 500	4 500	
	24.4 Renter av statens kapital	300	300	
24	Driftsresultat	0	0	0

Overslaget under kap. 2490, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 12 mill. kroner, til 80 mill. kroner. Auken skuldast høgare omsetjing etter flaumen på Vestlandet i 2014.

Overslaget under kap. 2490, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 12 mill. kroner, til 75,2 mill. kroner. Auken har samanheng med høgare aktivitet etter flaumen på Vestlandet i 2014.

Ovannemnde endringar i underpostar fører ikkje til endring i NVE Anlegg sitt berekna driftsresultat.

Kap. 4800 Olje- og energidepartementet*Post 70 Garantiprovisjon, Gassco*

Staten som eigar av Gassco AS garanterer for skadar og tap på mottaksterminalane på kontinentet som oppstår som følge av forsettlege handlingar hos leiande personell i Gassco innanfor ei samla ramme på inntil 1 mrd. kroner, jf. St.prp. nr. 69 (2006–2007) og Innst. S. nr. 230 (2006–2007).

Garantipremien er sett til 70 prosent av forsikringspremien på Gasscos ordinære ansvarsforsikring. Med dagens premie på om lag 2 mill. kroner svarer dette til om lag 1,4 mill. kroner i 2015.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner, til 1,4 mill. kroner.

Kap. 4810 Oljedirektoratet*Post 01 Gebyrinntekter*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner, til 31 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsauke under kap. 1810, post 01 Driftsutgifter.

Post 04 Sal av undersøkingsmateriale

Seismiske data frå Barentshavet søraust og dei norske havområda ved Jan Mayen blei lagt ut for sal som datapakker i 2013. Det er så langt selt ein datapakke for 12 mill. kroner i 2015.

På denne bakgrunnen blir det foreslått løyvd 12 mill. kroner i 2015. Meirverdiavgift blir inntektsført under kap. 5521.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat*Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter*

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 17 mill. kroner, til 98,9 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsauke under kap. 1820, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Post 40 Flaum- og skredførebygging

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4 mill. kroner, til 23 mill. kroner. Auken knytter seg til distriktsbidrag frå tiltaka etter flaumen på Vestlandet i 2014 som er venta å bli innbetalte i 2015. Restende distriktsbidrag er budsjetterte i 2016, jf. Prop. 1 S (2015–2016) for Olje- og energidepartementet.

Kap. 4840 CO₂-handtering*Post 80 Renter, TCM DA*

Renteinntekter frå TCM DA er lågare enn venta. Reduksjonen skuldast nedjustering av rentesatsen frå 2,9 prosent til 2,4 prosent og forskyving av

lånebehov. Ein viser til omtale og motsvarande utgiftsreduksjon under kap. 1840, post 71.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, til 49 mill. kroner.

Post 86 Avdrag, TCM DA

Avdragsinntekter frå TCM DA er lågare enn venta. Reduksjonen skuldast forskyving av låneopptak. Ein viser til omtale og motsvarande utgiftsreduksjon under kap. 1840, post 71.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 41 mill. kroner, til 1 115 mill. kroner.

3 Aasta Hansteen

I Prop. 1 S (2015–2016) for Olje- og energidepartementet vart det varsla at departementet ville komme tilbake med ei oppdatering av Aasta Hansteen-prosjektet i proposisjon om ny saldering av budsjettet for 2015. I etterkant av framlegginga av Prop. 1 S (2015–2016) har operatøren av Aasta Hansteen-prosjektet informert departementet om ein auke i investeringsanslaget for prosjektet på 5,2 mrd. kroner sidan PUD, av dette skuldast 2,4 mrd. kroner valutaendringar. Målt i norske kroner er auken på 16 prosent frå PUD-anslaget. Hovudårsaka til utviklinga er forseinka prosjektering og auke i talet på prosjekteringstimar, sein leveranse og auka kostnader på utstyrspakkar og råvare, og forseinka framdrift i bygginga av plattformdekk og skrog. Planlagt start av produksjonen blir utsatt frå tredje kvartal 2017 til andre halvdel av 2018.

4 Bruk av fullmakter under petroleumsvirksemda

Som ein del av den årlege behandlinga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytte til petroleumsvirksemda.

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruk av desse fullmaktene sidan forrige rapportering.

4.1 Fullmakt XII – Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Fullmakt om forenkla behandling frå styremaktene si side har blitt nytta ved to høve:

Rutil i Gullfaks Rimfaksdalen

Olje- og energidepartementet tok 16. desember 2014 imot søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av gassfunnet Rutil i Gullfaks Rimfaksdalen. Rutil blir bygd ut med eit produksjonsanlegg på havbotnen knytt til Gullfaks A-plattformen. Frå Gullfaks A blir gassen transportert via Statpipe til Kårstø eller via Far North Liquids and Associated Gas System (FLAGS) til St. Fergus i Storbritannia. Produksjonen er planlagt å ta til første kvartal 2017. Rettshavarane er Statoil Petroleum AS (51 prosent), Petoro AS (30 prosent) og OMV Norge AS (19 prosent).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 4,6 mrd. 2014-kroner.

Plan for utbygging og drift av Rutil i Gullfaks Rimfaksdalen vart vedteken ved kongeleg resolusjon 20. mars 2015.

Maria

Departementet tok 5. mai 2015 imot søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Maria-feltet. Maria-feltet blir bygt ut med eit produksjonsanlegg på havbotnen knytt til fleire vertsplattformer. Utbyggingsløyvinga utnyttar ledig kapasitet i eksisterande infrastruktur på Haltenbanken. Dette er ei kostnadseffektiv utbygging av feltet. Brønnstraumen frå Maria-feltet blir sendt til Kristin-innretninga for prosessering og måling. Oljen blir så send frå Kristin-feltet til Åsgard-feltet for lagring før utskiping med skytteltankarar. Rikgassen frå Maria-feltet vil bli eksportert via Åsgard transportsystem til Kårstø for utskiljing av NGL og kondensat. Salsgassen blir sendt vidare til marknaden gjennom Gassled. Produksjonen er planlagt å ta til hausten 2018. Rettshavarane på Maria-feltet er operatøren Wintershall Norge AS (50 prosent), Petoro AS (30 prosent) og Centrica Resources (Norge) AS (20 prosent).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 15,3 mrd. 2015-kroner.

Plan for utbygging og drift av Maria-feltet vart vedteken ved kongeleg resolusjon 4. september 2015.

4.2 Fullmakt XIII – Overføring av eigedomsrett mot bruksrett

Fullmakt om overføring av eigedomsrett mot bruksrett har blitt nytta ved eitt høve:

Valemon

Rettskavarane i Valemonfeltet og Valemon Rich Gas Pipeline Joint Venture inngjekk 23. juni 2014 ei avtale om overføring av eigedomsrett til Valemon Rich Gas Pipeline. Eigarskapen vart overført til rettskavarane i Valemon Rich Gas Pipeline Joint Venture den 9. oktober 2014. Staten har ein direkte eigardel i Valemonfeltet på 30 prosent og ein eigardel på 30 prosent i Valemon Rich Gas Pipeline Joint Venture. SDØE sin del av investeringane i Valemon Rich Gas Pipeline utgjer nær 224 mill. kroner.

4.3 Fullmakt XV – Overføring og samordning av eigardelar i utvinningsløyve

Fullmakt om overføring og samordning av eigardelar i utvinningsløyve har blitt nytta ved eitt høve:

Delta S23 Parkes Tune Extension

Funnet Delta S23 Parkes Tune Extension ligg i utvinningsløyvene 104 (Oseberg Unit) og 190 (Tune Unit). I følgje petroleumsloven § 4-7, skal rettskavarane, dersom ein petroleumsførekomst strekkjer seg over fleire blokker som ikkje har same rettskavarar, bli samde om den mest rasjonelle samordninga av verksemda knytt til føre-

komsten og om fordelinga mellom utvinningsløyva. Olje- og energidepartementet har i et vedtak av 28. oktober 2015 godkjend denne samordningsavtalen i samsvar med petroleumsloven § 4-7.

Rettskavarane er samde om at Oseberg Unit får rett til å produsere også dei voluma av Delta S23 Parkes Tune Extension som ligg innafor Tune Unit, mot eit vederlag som vil bli fastsett endeleg på eit seinare tidspunkt når meir informasjon frå brønndata er kjend.

Avtalen dekkjer også ei mogleg framtidig frådeling av flankereservane, og seinare overføring av eigardelar dersom dette er naudsynt for at Oseberg Unit fortsatt skal kunne produsere reservane.

Olje- og energidepartementet ga 16. november 2015 samtykke til at Petoro kan delta i samordning og seinare overføring av eigardelar i utvinningsløyvene 104 og 190 i samsvar med fullmakt XV, pkt. 2 i Prop. 1 S (2014–2015).

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2015 under Olje- og energidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2015 under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2015 under Olje- og energidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2015 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres, kan nyttast under postane 70 og 72</i> , blir auka med frå kr 24 970 000 til kr 29 970 000	5 000 000
1810		Oljedirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 260 247 000 til kr 262 747 000	2 500 000
1815		Petoro AS	
	72	Administrasjon, Petoro Iceland AS, blir sett ned med frå kr 3 500 000 til kr 2 500 000	1 000 000
	73	Statleg deltaking i petroleumsvirksemd på islandsk kontinental-sokkel, <i>kan overføres</i> , blir sett ned med frå kr 26 000 000 til kr 18 000 000	8 000 000
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir sett ned med frå kr 119 824 000 til kr 102 824 000	17 000 000
1830		Forsking og næringsutvikling	
	70	Internasjonale samarbeids- og utviklingstiltak, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 30 400 000 til kr 34 400 000	4 000 000
1840		CO ₂ -handtering	
	70	Gassnova SF, <i>kan overføres, kan nyttast under post 74</i> , blir sett ned med frå kr 112 846 000 til kr 107 846 000	5 000 000
	71	Forskingstenester, TCM DA, <i>kan overføres</i> , blir sett ned med frå kr 1 747 000 000 til kr 1 656 000 000	91 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
2490		NVE Anlegg	
	24	Driftsresultat	0
		Spesifikasjon:	
		1 Driftsinntekter	-80 000 000
		2 Driftsutgifter	75 200 000
		3 Avskrivinger	4 500 000
		4 Renter av statens kapital	300 000
			0

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4800		Olje- og energidepartementet	
	70	Garantiprovisjon, Gassco, blir auka med frå kr 1 100 000 til kr 1 400 000	300 000
4810		Oljedirektoratet	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med frå kr 28 475 000 til kr 30 975 000	2 500 000
(NY)	04	Sal av undersøkingsmateriale, løyvd med	12 000 000
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir sett ned med frå kr 115 930 000 til kr 98 930 000	17 000 000
	40	Flaum- og skredførebygging, blir auka med frå kr 19 000 000 til kr 23 000 000	4 000 000
4840		CO ₂ -handtering	
	80	Renter, TCM DA, blir sett ned med frå kr 59 000 000 til kr 49 000 000	10 000 000
	86	Avdrag, TCM DA, blir sett ned med frå kr 1 156 000 000 til kr 1 115 000 000	41 000 000
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	24	Driftsresultat, blir auka med frå kr 91 900 000 000 til kr 100 900 000 000	9 000 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
		Spesifikasjon:	
	1	Driftsinntekter	162 800 000 000
	2	Driftsutgifter	-33 400 000 000
	3	Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 000 000 000
	4	Avskrivinger	-22 400 000 000
	5	Renter av statens kapital	-4 100 000 000
			100 900 000 000
